



Arkivnr: 2014/16490-70
Saksbehandlar: Sølve Dag Sondbø

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.05.2015

Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 – utsending på 2. gongs avgrensa høyring

Samandrag

Regional plan for vassregion Hordaland og Tiltaksprogram for vassregion Hordaland var på høyring i 2014 (handsama av Fylkesutvalet i møte 19.06.2014 – PS 164/2014). Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. Planen er den første av 3 slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033.

Mange fråsegner frå fleire kommunar, kraftselskap og NVE ønskja at saka kjem på 2. gongs høyring. Hordaland vassregionutval innstilte i møte 24. april 2015 om å sende planen på ei avgrensa 2. gongs høyring om miljømål, tiltak og oppsummerande kapittel om verknad av planen for vasskraft. Samtidig vert Handlingsprogrammet 2016 – 2018 sendt på høyring.

Forslag til vedtak:

1. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova § 8-3 å sende på høyring forslag til Handlingsprogram for Vassregion Hordaland 2016-2018.
2. Fylkesutvalet vedtek i medhald av plan- og bygningslova å sende avgrensa delar av Regional plan for Vassregion Hordaland på 2. gongs høyring. Dette gjeld:
 - a) Reviderte miljømål for vassførekomst i Hordaland
 - b) Reviderte tiltak i vassførekomst i Hordaland
 - c) Nytt underkapittel om verknad av planen for vasskraft
3. Høyringsperioden vert 26.05 – 20.09.2015.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Høyringsrapport til regional plan for Vassregion Hordaland, oppsummering av fråsegn
2. Framlegg til Handlingsprogram 2016-2018, Regional plan for Vassregion Hordaland
3. Reviderte miljømål for vassførekomstar i Hordaland
4. Reviderte tiltak for vassførekomstar i Hordaland
5. Nytt underkapittel om verknad av planen for vasskraft
6. Norconsult-rapport: Vassregion Hordaland – Regionale prioriteringar av vasskraftrevisjonar
7. Meir informasjon på www.vannportalen.no/hordaland og www.vann-nett.no

Fylkesrådmannen, 27.04.2015

Bakgrunn

I medhald av plan- og bygningslova og for 2010 – 2014 og vassforskrifta var Regional plan for vassregion Hordaland og Tiltaksprogram for vassregion Hordaland på høyring i 2014 (handsama av Fylkesutvalet 19.06.2014, sak 164/2014). Formålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar og kystvatn i vassregion Hordaland. Planen er den første av 3 slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033.

Høyring var på 6 månadar frå 1. juli til 31. desember 2014. Det kom inn 71 skriftlege høyringsinnspel til planen i frå 27 kommunar, 20 aktørar frå næringslivet, 14 organisasjonar, 8 statlege sektormyndigheiter og 1 privatperson. Høyringsrapporten oppsummerar og vurderer innspel. Vasskraft er sentralt tema i høyringa.

I brev av 17.11.14 frå Klima- og miljødepartementet og Olje- og energidepartementet er det presisert at alle vassførekomstar skal ha miljømål før politisk vedtak i fylkestinga. Mange høyringspartar, mellom anna frå mange kommunar, kraftselskap og NVE ønskjer at saka kjem på 2. gongs høyring.

Hordaland vassregionutval innstilte i møte 24. april 2015 om å sende planen på ei avgrensa 2. gongs høyring om miljømål, tiltak og oppsummerande kapittel om verknad av planen for vasskraft. Samtidig vert handlingsprogrammet 2016 – 2018 på høyring. Vassregionutvalet tilrår følgjande tidsplan.

Møte i Fylkesutvalet	19. mai
Avgrensa 2. gangs høyring	26. mai – 20. september
Godkjenning i Vassregionutvalet	Ca 1. oktober
Innstilling i Kultur og ressursutvalet	12. november
Innstilling i Fylkesutvalet	18-19. november
Vedtak i Fylkestinget	8-9. desember
Oversending til Regjeringa	Medio desember 2015
Godkjenning i Regjering og rapportering til ESA	Vår 2016

Når planen etter høyringa kjem til politisk handsaming hausten 2015 vil den vere oppdatert med innspel frå begge høyringsrundane med ferdig korrektur på språk og layout.

Tema for høyring

1. Handlingsprogram

Plan- og bygningslova § 8-1 pålegg at det til alle regionale planar skal følgje med eit vedteke handlingsprogram. Det er fylkestinget som vedtek handlingsprogrammet som ein del av den regionale planen. Fylkestinget har òg ansvar for å ta handlingsprogrammet opp til rulling.

Handlingsprogrammet viser kva oppfølging planen krev og utpeikar ansvarleg organ og samarbeidspartnarar for gjennomføring av planen. Det er òg utpeika kvar ressursbehovet ligg. Arbeidsfordelinga kjem fram av tabellen på side 4-6. Oppgåvene er ikkje lista etter prioritert rekkefølge. Handlingsprogrammet fokuserer på sjøive planprosessen, og inkluderer ikkje tiltak etter det regionale tiltaksprogrammet. Handlingsprogrammet har ikkje vore på høyring før.

2. Miljømål

Miljømåla er den viktigsta delen av dokumentet Regional plan for Vassregion Hordaland 2016-2021. Miljømåla for alle vassførekomstar i Hordaland er reviderte og administrasjonen rår til at revidert kapittel for miljømål i den regionale planen vert sendt på 2. gongs høyring.

Nytt i 2. gongs høyring er at alle sterkt modifiserte vassførekomstar har fått konkretiserte miljømål. I sterkt modifiserte vassførekomstar (SMVF) er ikkje god økologisk tilstand (GØT) mogleg å oppnå, og desse får godt økologisk potensial (GØP), som miljømål. I nokre tilfelle vil det heller ikkje vere mogleg å oppnå GØP, og mindre strenge miljømål (MSM) vert nytta, td. i takrenneprosjekt, der vassførekomsten er tørrlagt. Kva GØP skal vera i dei ulike SMVF må definerast for kvar enkelt førekomst – som eit konkretisert miljømål. Kva det konkretiserte miljømålet skal vere, er ei vurdering av kva tilstand det er mogleg å oppnå i den aktuelle førekomsten, for mange er det same tilstand som dagens situasjon.

Dei store vassdragsregulantane har hatt høve til å gje ei uformell tilbakemelding på framlegget som har blitt noko justert etter dette. Konkretiseringa er knytt til fisk der vi har kunnskap om tilhøva for fisken. I vassførekomstar som ikkje har fisk, eller der vi ikkje har kunnskap, er det brukt minimum standarden for «Godt økologisk potensial» som er «Fungerande akvatisk økosystem».

Utsett frist

Mange fleire vassførekomstar enn i høyringsdokumentet i 2014 har fått utsett frist for å nå miljømålet. Dette gjeld:

- Vassførekomstar med forureina sjøbotn, innspel frå Miljødirektoratet.
- Vassførekomstar der revisjon av konsesjonsvilkår for vasskraft er aktuelt, innspel frå NVE.

- Mange vassførekomstar i vassdrag der bestandane av laks/sjøaure bestandane er påverka av lakselus/genetisk påverknad.
- Einskilte vassførekomstar etter andre innspel i høyringsrunden.

Endringar i miljøtilstand

Oppdatering med nytt kunnskapsgrunnlag av miljøtilstand der ny kunnskap har komme eller etter innspel frå høyringa i haust. Tilhøva for elvemusling har fått større innverknad på miljøvurderinga (karakteriseringa).

3. Reviderte tiltak i tiltaksprogrammet

Miljømåla er den viktigaste delen av dokumentet *Tiltaksprogram for Vassregion Hordaland 2016-2021*.

Miljømåla er gått gjennom og vurdert på nytt.

Endringar i tiltaksprogrammet:

- Regional prioritering av vassdrag aktuelle for revisjon av vilkår for vasskraft er vurdert på nytt. Norconsult vart engasjert som ekstern, uavhengig konsulent for å gå gjennom den regionale prioriteringa og vurdere nytte og kostnad. Dei faglege vurderingane i Norconsult-rapporten er innarbeidde i det reviderte nye framlegget. 3 vassdrag som var prioritert i 1. høyring er ikkje lenger prioritert. Sjå elles nytt oppsummerande underkapittel om verknad av planen for vasskraft og rapporten frå Norconsult.
- Innspel frå høyringsrunden er innarbeidde.
- Justeringar av inndelinga av vassførekomstar har gitt justeringar.

4. Nytt underkapittel om verknad av planen for vasskraft

Etter høyringsinnspel frå NVE er det laga eit oppsummerande nytt underkapittel om verknad av planen for vasskraft. Kort oppsummert er tiltaka i planen i høve til vasskraft:

- Problemkartlegging er det vanlege tiltaket i planen for vassdrag som er påverka av vasskraft. Det er forslag om problemkartlegging i dei fleste vasskraftpåverka vassførekomstane der det er heimel for det.
- Dei 6 vassdraga som er gitt topp prioritering i den nasjonale prioriteringa til Miljødirektoratet og NVE vert vidareført med prioriteringsgruppe 1.1. i planen.
- Vassregionutvalet rår til at to vassdrag vert heva frå prioriteringsgruppe 1.2 til prioriteringsgruppe 1.1. Dette gjeld Teigdalsvassdraget og Eksingedalsvassdraget.
- Ingen kraftverk vert føreslått kalla inn etter § 66 (konsesjonsinnkalling av gamle kraftverk utan konsesjon) i denne planperioden.
- Ingen kraftverk vert føreslått kalla inn etter § 28 (omgjering av konsesjon) i denne planperioden.

Fylkesrådmannens vurdering

Planarbeidet er gjennomført i samsvar med krava i vassforskrifta og plan- og bygningslova for utarbeiding av regional plan for vassregionen. Planen byggjer på eit godt nok kunnskapsgrunnlag frå databasen www.vann-nett.no. Fylkesrådmannen rår til at planen vert sendt på avgrensa 2. gongs høyring da det er framlegg om endringar som er vesentlege. I tillegg vil ei avgrensa ny høyringsrunde kunne gi ein enda betre plan.

Fylkesrådmannen tilrår at forslag til Tiltaksprogram 2016-2018 vert lagt ut på høyring 26.05-20.09.2015 saman med avgrensa 2. gongs høyring av reviderte miljømål, tiltak og underkapittel om verknad for vasskraft.

Fylkesrådmannen går ut frå at dei andre fylkeskommunane i vassregion (Rogaland og Sogn og Fjordane) legg planen ut på høyring.